



MØTEBOK

Budsjett avdeling for plan og utvikling

Utval sak	Utval	Møtedato
82/18	Utval for plan og miljø	20.11.2018

Vedlegg

- 1 Formannskapssak FS 78/18
- 2 Investeringsbudsjett 2019-2022
- 3 Detaljbudsjett PMU

Dokument i saka

På Fitjar kommune si heimeside <http://www.fitjar.kommune.no/budsjett-2019/> er alle dokument tilgjengeleg.

Bakgrunn:

Fitjar formannskap handsama i sak 78/18 – Rådmannen sitt forslag til Budsjett 2018 og økonomiplan 2018 – 2021 med slik vedtak:

«Formannskapet sender rådmannen sitt forslag til «Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022» til Utval for oppvekst og omsorg, Utval for plan og miljø, Råd for funksjonshemma, Eldreråd og Ungdomsråd for uttale og evt. omprioriteringar.

Formannskapet handsamar saka endeleg 05.12.18 og legg den deretter til offentlig høyring.
Kommunestyret handsamar saka 19.12.18.»

Idet ein syner til vedtak vert sak oversendt Utval for plan og miljø:

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt føre utan tilråding.

Behandling i Utval for plan og miljø - 20.11.2018:

Rådmann Olaug Haugen og økonomisjef Trond Salmo orienterte om detalj- og investeringsbudsjettet.

Utvalet drøfta saka og kom med slikt framlegg til tilråding:

Utval for plan og miljø meiner ein har tatt nødvendige grep for å koma i økonomisk balanse. Utvalet er ikkje fornøyd med utgreiinga i VA-saka som medfører at auken vert langt høgare enn forespegla av administrasjonen når det vart gjort investeringsvedtak.

Utvalet har 2 innspel til det pågåande budsjettarbeidet;

1. Utvalet er positivt til omstillinga som pågår, men ser at kommunen treng å utvikle seg og gjera seg attraktiv for framtida. Utvalet oppmodar derfor formannskapet om å finna rom for å løyva nødvendige midlar til oppstart av reguleringsplanarbeid sentrum nord jf. vedtatt planprogram.

2. Utvalet ber om at administrasjonen utgreier konsekvensen av å gi nye bustader 50% reduksjon i eieendomsskatt dei første 10 åra.

I dag gjelder følgjande regler:

1. Periode 1-5 år 50% reduksjon
2. Periode 5-10 år full skatt
3. Etter 10 år starter nedtrapping/fradrag

Begrunnelse for endring;

Nybygg har ofte ei finansiering der ein har avdragsfritt første 5 år. Etter 5 år får ein, med dagens renteutvikling, dramatisk auke i utgiftene for ein nyetablert familie. Der både avdrag og maks eieendomsskatt slår negativt inn.

Uttale til formannskapet: (Samrøystes):

1. Utvalet er positivt til omstillinga som pågår, men ser at kommunen treng å utvikle seg og gjera seg attraktiv for framtida. Utvalet oppmodar derfor formannskapet om å finna rom for å løyva nødvendige midlar til oppstart av reguleringsplanarbeid sentrum nord jf. vedtatt planprogram.

2. Utvalet ber om at administrasjonen utgreier konsekvensen av å gi nye bustader 50% reduksjon i eieendomsskatt dei første 10 åra.

I dag gjelder følgjande regler:

1. Periode 1-5 år 50% reduksjon
2. Periode 5-10 år full skatt
3. Etter 10 år starter nedtrapping/fradrag

Begrunnelse for endring;

Nybygg har ofte ei finansiering der ein har avdragsfritt første 5 år. Etter 5 år får ein, med dagens renteutvikling, dramatisk auke i utgiftene for ein nyetablert familie. Der både avdrag og maks eieendomsskatt slår negativt inn

Olaug Haugen
Rådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.